

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ane Bysheim	FA - C10	16/1354

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2016	Ungdomsrådet	PS	26.05.2016

Orientering og innspelsrunde om ungdomstilbodet i ungdomslaga i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I møtet 07.01.2016 skulle Ungdomslaget Varden orientere ungdomsrådet om sitt ungdomsarbeid. Dette ble utsatt grunn sjukdom. Styringsgruppa i ungdomsrådet ønskjer å invitere alle ungdomslaga for ei orientering om kva tilbod dei har og for å dele erfaringar i samband med ungdomsarbeid.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Meland ungdomsråd tek orienteringa til vitande.

Ungdomsrådet - 32/2016

UR - behandling:

Orientering om ungdomstilbud i regi av ungdomslaga i Meland kommune. Invitasjon sendt alle Ungdomslaga.

Ungdomslaget Varden (Grasdal): Siren Grasdal Øvretveit orienterer om Ungdomslaget Varden sitt tilbod. Ungdomsklubben er lagt ned, men har enkeltstående arrangement som til dømes Ungdomsrock med gratis transport. Opplever relativt lav deltagelse på arrangemeta. Har mye utstyr og stort hus og er livsvisnøytralt. Ungdommane har sjølv ansvaret for arrangemeta med 2-3

vaksne som vakter. Er interessert i samarbeid.

Ungdomslaget Von (på Tveit) ved leiar Beathe Andersen leverte skriftleg melding om sitt undomsarbeid: «Hei. Me har i skrivende stund veldig lite tilbud for ungdommer. Vi har fritidsklubb ein gang i måneden for 5-7 kl fra kl 18.30-20.30. Me slit med å finne folk som kan vere med å bidra til å gje dei et tilbud. Me jobber no med å få til eit dansekurs av eit eller anna slag. Så her er det berre å komme med tips og ideer. Også finna nokon til å kjøre det igangsatt.»

Møtesekretær innhentar informasjon om ungdomstilbodet/arbeidet til Framsteg og Von til neste møte.

UR - vedtak:

"Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande"